



NSK avd. Sogn og Fjordane

Referat frå årsmøte 2014

Norsk Spanielklubb avd. Sogn og Fjordane avvikla årsmøte laurdag 22. februar kl. 12.00 på Rådhuset i Gaupne.

Det møtte 8 personar der 5 hadde stemmerett, i tillegg til 2 firebeinte.

Sakliste:

1. Godkjenning av innkalling, val av ordstyrar, referent, godkjenning av årsmelding og regnskap.

Godkjenning av innkalling

Innkalling er annonsert på heimesida og sendt ut i posten til kvart enkelt medlem.

Vedtak:

Innkalling godkjent utan merknad.

Val av ordstyrar og referent

Forslag på Inger Handegård som ordstyrar og Laila Røneid som referent.

Vedtak:

Inger Handegård valgt som ordstyrar og Laila Røneid som referent.

Signere møteprotokoll:

Elin Anita Gjerde og Lars Gunnar Røneid vart valgt til å signere møteprotokoll

Godkjenning av årsmelding og rekneskap

Årsmelding og rekneskap for 2013 vart gått igjennom.

Vedtak:

Årsmelding og rekneskap for 2013 godkjent utan merknad

2. Utdeling av premiar til mestvinnande spaniels i fylket 2011.

Fleire medlemmer har sendt inn resultat for aktivitet i 2013. Styret har plukka ut vinnar av årets mestvinnande, debutant og junior.

Årets spaniel i avdelinga 2013:

1: NSVCH BH Desperados Tingeling – Elin Anita Gjerde

- Godkjent apport prøve begynnarklasse
- Blodspor 7 x 1 pr, 2 x hp
- Lydigheit 2 x 2 pr lp kl 2
- Utstilling 5 x ck, 1 x cert, 1 x BIR, 4 x BIR veteran, 2 x Bis Veteran, NKK Bis 4 veteran + res. Cert mm.
- RIK-prøve Godkjennt ferdselprøve
- Brukshundprøve Opprykk til kl c i bruksspor

2: NVCH BH Desperados Xmilla – Inger Handegård

- Lydigheit 1. premie i LP 2 – har debutert i LP III
- RIK-prøve Godkjent ferdselsprøve (BH)
- rallylydigheit 2x 1- pr. og 1 x dir. opprykk i kl. 1, 2 x 1-pr. og 2 x dir. opprykk i kl. 2, 2 x nr. 2 i klassen
- utstilling Excellent

3: NUCH NVCH BH Desperados Aya – Inger Handegård

- Lydigheit 3. premie i LP 2
- RIK-prøve Bestått ferdselsprøve (BH)
- rallylydigheit 1. pr. m dir. opprykk i klasse 1, nr. 4 av 30, 1. pr. i rallylydigheit klasse 2, nr. 3 i klassen
- utstilling Excellent

Årets debutantar:

Fjordgløtts Birk - Hilde Rotihaug

- blodspor 1×1 pr og andrevinner, 1×2 pr blodspor og 4 vinner
- Utstilling 3× excellent, 2× ck, 1x cert, 1x reservecert, 1x Bim

Fjordgløtts Belezza - Sissel Ytre-Eide

- 13 gonger utstilt i 2013 med 1 x cert og 2. btk og 1 x CK som beste resultat.

Alle vinnarane får krus på årsmøte, presentasjon på heimesida og i Våre Spaniels.

3. Val

Forslag frå valnemda:

Leiar	Inger Handegård, Gaupne	attval	2014	(er også leiar BK)
Nestleiar	Elin Anita Gjerde, Leikanger	NY	2014-2015	
Styremedlem:	Laila Irene Røneid, Årdal	NY	2014-2015	
1. vara	Per Ståle Vågene, Florø	NY	2014	
Kasserer:	Per Ståle Vågene, Florø	NY	2014	
RS-utsending:	Inger Handegård		2014	
	Elin Anita Gjerde		2014	
Vara RS:	Laila Røneid		2014	
	Per Ståle Vågene		2014	
Valnemnd:	Arvid Solheim, Årdal	NY	2014	
	Tonje Tollefsen, Førde	attval	2014	
	Laila Røneid, Årdal	attval	2014	

Arvid Solheim vert valgt som leiar i valnemda.

Revisor: Torill Otterhjell, Fortun attval 2014

Internettansvarleg: Inger Handegård attval 2014

Vedtak:

Framlegget frå valnemda vart samrøystes valgt. Styret får fullmakt til å velje andre kandidatar til RS 2014, dersom dei som er valgt ikkje kan delta.

4. Orientering om søkte prøvar 2014 og planlagt aktivitet i 2014

Leiar orienterte om aktivitetar og prøvar som er planlagt i 2014. Det er ikkje søkt om å arrangere ordinære blodsporprøver i Sogn og Fjordane for 2014. Elles skal det vere bevelege blodspor, jaktanleggsprøve, apportprøve m.m. "Sporhelg" i Årdal er på tankestadiet.

Det vert òg arrangert konkurransekurs i lydigheit i påsken til kr 1500,- pr ekvipasje. Kurset vert halde i Gaupne.

5. Open post

Fagleg tema på møtet var dei nye reglane for jaktanleggsprøve og apportprøve.

Etter møtet var det samling ute med trening på apportprøve.

Elin Anita Gjerde

Lars Gunnar Røneid